Kommunalavdeling stab

**31.03.2016**

# Notat

**Sak nr.**
2013/6899-9

| | |
|---|---|
| **Til:** | UFL |
| **Fra:** | Kommunalsjef levekår Torgeir Sæter |

## Dei fleste kommunane følger statens rettleiande satsar for sosialstønad til barnefamiliar

Hentet fra: <https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Okonomisk-sosialhjelp/Dei-fleste-kommunane-folger-statens-rettleiande-satsar-for-sosialstonad-til-barnefamiliar/>

TORSDAG 31.03.2016

Fylkesmannen har henta ut ei ny oversikt over kva satsar kommunane i Hordaland har for barnetillegg til sosialstønaden, og over kva kommunar som held barnetrygda utanfor ved berekning av sosialstønad. Fylkesmannen nyttar slike oversikter mellom anna i tilsynssamanheng.

Vi tek utgangspunkt i barnetilleggssatsane for aldersgruppa null til fem år. Ved utgangen av 2015 rapporterte 26 kommunar i vårt fylke at dei følgde statens rettleiande sats for denne aldersgruppa, to kommunar hadde høgare sats, og fem hadde lågare. Året før rapporterte åtte kommunar at dei hadde lågare sats enn statens rettleiande, og berre ein kommune hadde høgare. Klikk på denne lenkja for å sjå heile oversikta.

(https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Helse%20og%20omsorg/Tilsynsrapportar/Kommunane%20i%20Hordaland%20sin%20sats%20for%20barnetillegg%20til%20sosialst%C3%B8naden.pdf)

**Postadresse:** Klampavikvegen 1, 5300 Kleppestø
**Besøksadresse:** Klampavikvegen 1, 5300 Kleppestø
**Telefon:** 56 15 80 00
**Bank:** 6515.06.05509
**E-post:** postmottak@askoy.kommune.no
www.askoy.kommune.no
**Telefaks:** 56 15 83 90
**Org.nr:** 964 338 442

I dei kommunane som held barnetrygda utanom vil barnefamiliane som får sosialstønad til vanleg kome monaleg betre ut økonomisk. I Hordaland er det fjorten kommunar som melder at dei held barnetrygda utanom når dei bereknar sosialstønad, klikk her for å sjå oversikta.

(https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Okonomisk-sosialhjelp/Fjorten-kommunar-i-Hordaland-held-barnetrygda-utanom-nar-dei-bereknar-sosialstonad/)

I tabellen under har vi sett opp dei kommunale barnetilleggssatsane for aldersgruppa 0-5 år, og vi har lagt til barnetrygda for dei kommunane som held barnetrygda utanfor ved utmåling av sosialstønad ved utgangen av 2015:

| Kommune | Barnetillegg | Barnetrygd | Samanlagt |
|---|---|---|---|
| Øygarden | 2 250 | 970 | 3 220 |
| Bergen | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Etne | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Sveio | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Odda | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Fusa | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Samnanger | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Modalen | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Lindås | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Austrheim | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Masfjorden | 2 200 | 970 | 3 170 |
| Granvin | 2 100 | 970 | 3 070 |
| Fjell | 1 630 | 970 | 2 600 |
| Sund | 2 500 | 0 | 2 500 |
| Bømlo | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Stord | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Fitjar | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Tysnes | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Kvinnherad | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Jondal | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Ullensvang | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Eidfjord | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Ulvik | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Kvam | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Austevoll | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Vaksdal | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Osterøy | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Meland | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Radøy | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Fedje | 2 200 | 0 | 2 200 |
| Os | 2 150 | 0 | 2 150 |
| Voss | 1 130 | 970 | 2 100 |
| Askøy | 1 982 | 0 | 1 982 |

# Kor mange barnefamiliar får sosialstønad?

Kommunane i vårt fylke har rapportert at det var det meir enn 2 700 barnefamiliar som fekk sosialstønad i 2015. Ein reknar då talet sosialstønadsmottakarar som forsørgjer barn under 18 år, og ein reknar med både einslege forsørgjarar og ektefeller/sambuarar. Dette utgjer 23 prosent av alle som fekk sosialstønad. Klikk her for å sjå kor mange som fekk sosialstønad i fjor.

(https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Okonomisk-sosialhjelp/Ein-liten-auke-i-talet-pa-sosialhjelpsmottakarar/)

| | |
|---|---|
| Bergen | 1 381 |
| Os | 105 |
| Askøy | 105 |
| Stord | 102 |
| Lindås | 98 |
| Fjell | 92 |
| Øygarden | 90 |
| Kvinnherad | 85 |
| Voss | 84 |
| Osterøy | 67 |

Klikk her for å sjå heile oversikta for 2015.

(https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Helse%20og%20omsorg/Tilsynsrapportar/Sosialst%C3%B8nadsmottakarar%20i%20Hordaland%20med%20fors%C3%B8rgjarplikt%20for%20barn%20under%2018%20%C3%A5r%20i%202015.pdf)

Om lag halvparten av barnefamiliane som fekk sosialstønad bur i Bergen. Dei ti kommunane som hadde flest barnefamiliar som fekk sosialstønad i Hordaland i fjor er: